

Referat frå foreldremøte onsdag 16.september

Saker:

Klassen:

Else tykkjer ho har ein flott klasse. Klassemiljøet er godt, men det er eit par elevar som tykkjer dei går ein del åleine i friminutta. Dette vert jobba med mellom anna ved hjelp av opplegget **Mitt val**

I byrjinga av skuleåret var det ein del gløyming. dette vert tatt opp med kvar enkelt elev og no pr. 30.september har det vorte betre.

Hugs å bruke meldebok ved fråvær.

Vekeplanar:

Marianne og Else har nokså like vekeplanar. Det står ein del om kva me skal gjera på skulen. Det er fint om elevar som er vekke av ulike grunnar kan prøva å jobba litt med det som vart gjord på skulen dei dagane dei var vekke. Det er lett å verte hengjande etter og få mykje å ta att.

i år står det ein god del læringsmål og vurderingskriterium på vekeplanen. i 6.klasse hang desse på klasserommet. I år brukast dei til eigenevaluering kvar veke (som oftast).

Mitt val:

Me jobbar med opplegget " Mitt val". Målet med dette er å førebyggja mellom anna mobbing og rus. Mange av øvingane handlar om å verte betre kjende med kvarandre og å øva seg på å ta eigne val i ulike situasjonar.

Leirskule:

i år skal me på leirskule i veke 23. Det er nest siste skuleveka. Me reiser til Hardangertun Kinsarvik.

Klassetreff:

Foreldra til 7 klasse på dei ulike skulene i Radøy arrangerer klassetreff ein gong i løpet av skuleåret. Først ute er Hordabø den 16.oktober. Manger har ikkje tur før til våren, april?

Andre undervisningsopplegg dette skuleåret.

Bogatunet: Det går på omgang mellom skulane kven som får vera vertar på bogatunet kvar haust. I år var me heldige og fekk oppdraget. I samband med dette jobba me litt med byggeskikkjar og levevis på Radøy i perioden 1600 - 1800.

Valet: sidan det var kommunestyreval i år har me også jobba litt med demokrati og sett på kven som stilte til val i Radøy og kven som vart valt. Me såg også litt på kva dei ulike politiske partia ville jobba med den neste perioden.

SMARTare energi: Er eit tilbod som går ut til storskuleklassane kvart år. På manger er det 7.klasse som pleier å vera med.

Arrangørar er Ungt entrepenørskap.

Ullbyen:

i samband med Ullveka 2015 har storskulen på Manger vore med å filta hus i ull og deltek på utstillinga "Ullbyen" i Knarvik senter.

Aktivitetsplan for klassen:

Else har laga eit oversyn over aktivitetar i løpet av skuleåret. Atterhald om at noko kan ha vorte gløymd. Denne vert lagt ved.

OBS! No er det også tid for foreldresamtalar. Det er sett av tid i veke 42 og 43. Plan for samtalane vert lagt ved dette referatet. Eg ber om at de prøver å bytta innbyrdes om tida ikkje passar, og at de tek snarleg kontakt dersom de ikkje får det til.

Saker frå foreldra:

Klassekassa: Må ha nok pengar til buss til Kinsarvik og til avslutningsfesten til våren

Klassettreff: Ein prøver å få det til i Ungdomshuset Solvang

Ein vurderer om ein kan få til ein felles hyttetur i løpet av skuleåret.

Samtaleskjema vert sendt ut måndag etter haustferien. Innlevering av dette **torsdag 15.september.**

Med venleg helsing

Else Fauskanger